



Håkon Petter Kaurel
Strangehagen 28
5011 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1453 - 20/8460

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
14.02.2020

Svar på e-post datert 22.01.2020 - gbnr 84/5 Kvalvågnes

Vi viser til din e-post der du gjer greie for landbruksdrifta på gbnr 84/5, og tidlegare kommunikasjon i saka. Du skriv at du har halde jorda i hevd og opparbeidd ytterlegare areal slik at det overflatedyrka arealet på eigedomen er auka. Det er ingen konkrete planar om produksjon på eigedomen, men honningproduksjon kan vera aktuelt i framtida.

Du planlegg å føra opp eit reiskapshus. Omsøkt bygg er ikkje lenger aktuelt, men du tenker eit bygg med areal oppgitt til 10 x 6,5 meter.

I områda avsett til LNF-føremål kan det berre etablerast tiltak som er nødvendig for landbruk og gardsbasert næringsverksemd som er basert på garden sitt næringsgrunnlag. Dette går fram av kommunedelplanen for området sine føresegner. I følgje landbruksavdelinga skal driftsomfanget på garden vera av næringsmessig karakter før gardsdrifta kjem inn under føremålet.

Det er positivt at areala på eigedomen vert halde i hevd. Drifta du skildrar kjem likevel ikkje inn under landbruksbegrepet. Etablering av reiskapshus slik du planlegg, vil difor krevja at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå arealføremålet. Vi gjer merksam på at dispensasjon også er nødvendig for etablering av tiltak som ikkje krev søknad og løyve.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Håkon Petter Kaurel

Strangehagen 28 5011

BERGEN

Mottakarar:

Håkon Petter Kaurel

Strangehagen 28 5011

BERGEN